LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Asplan Viak As
PB. 2304 Solheimsviken
5824 BERGEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Trygve Solberg | 17.10.2014 |
| Vår: 14/3016 - 14/23461 | Trygve.Solberg@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest - gbnr 188/773 Gjervik ytre - bustadbygg

**Tiltakshavar:** Orion Prosjekt AS, 5853 Bergen
**Ansvarleg søkjar:** Asplan Viak AS, 5824 Bergen
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 18.04.2012 (rammeløyve). For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.
Det vert elles vist til søknad motteken 06.07.2014.
Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Lonsvegen 7. |
| Bygningstiltak: | Bustadbygg med 44 leilegheiter og tilhøyrande parkeringskjellar |
| Bygningsnummer: | 300370520 |
| Bruksareal: | 3664m$^2$ (bustad) |
| Avlaup: | Offentleg |
| Vatn: | Kommunalt |

VEDTAK:
Med heimel i plan- og bygningslova §21-10 vert det gjeve ferdigattest for bustadbygg på gnr. 188, bnr. 773.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. §20-1, bokstav d.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Tor Hegle<br>einingsleiar | Trygve Solberg<br>sakshandsamar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nesttun Byggconsult AS | Nesttunvegen 111 | 5221 | NESTTUN |
| Orion Prosjekt AS | Postboks 449 Nesttun | 5853 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Asplan Viak As | PB. 2304 Solheimsviken | 5824 | BERGEN |